

Den store fakkelfestet



Fakkelfesten frå Morgedal til OL på Lillehammer i 1994 blei ei over to månader lang triumfferd frå landsende til landsende. Med Posten og Statoil som arrangørar, vart heile landet dratt med i den førolympiske jubelbrusen. Etter 350 år med postombering i Noreg, var fakkelfesten det største «transportoppdraget» i Postens historie. Truleg også det mest morosame. OL på Lillehammer vart ein samanhengande publikumssuksess, mykje av årsaka ligg i den folkelege entusiasmen som blei bygd opp i kjølvatnet av fakkelfesten.

27. november 1993 vart fakkelen tent i gruva på Øverbø, og prinsesse Martha Louise førde elden ut av stova til Sondre Norheim. Utanfor Norsk Skieventyr var folk samla til folkefest, og med Åshild Lofthus, Knut Tore Apeland og Atle Skårdal som dei fyrste fakkelferarane, vart det ein vakker seremoni og eit flott program. Kulturministaren Åse Kleveland snakka varmt om OL-elden frå Morgedal, og klokka 1330 for fakkelen ut av bygda på si 74 dagars lange ferd mot Lillehammer.



Fyrste overnatting fekk fakkelen i Bø, deretter bar det vidare til Kongsberg, Drammen, Tønsberg, Skien, Risør og Arendal. På den åttande dagen mellom Arendal og Kristiansand var det 108 entusiastar på etappen, og då fakkelen kom fram til Lillehammer 12. februar 1994, hadde over 7000 nordmenn hatt ein etappe på fakkelfesten. Elden frå Morgedal hadde lagt bak seg 8 000 kilometer då den var vel framme i OL-byen. Der sto storebror til prinsessa, kronprins Haakon Magnus klar til å tenne elden på sletta i Lysgårdsbakken. Før kronprinsen fekk fakkelen hadde Stein Gruben hoppa med fakkelen i hoppbakken. I heile verda sat folk som fjetra over den vakre seremonien.

Greske styresmakter reagerte negativt på den norske fakkelfesten frå Morgedal. I eit opprivande møte mellom dei to kulturministarane Melina Mercuri og Åse Kleveland ved juletider 1993, vart ein samde om at det også skulle koma ein eld frå Olympia, og at det var denne som skulle brenne på Lillehammer. Kleveland snakka ikkje lenger om «OL-fakkelen frå Morgedal» men støtta nå ein fakkelfest frå Hellas. Elden frå Morgedal var redusert til ei «Helsing». Gerhard Heiberg støtta Morgedal og truga med å trekke seg frå OL-jobben! Fakkelen frå Hellas var eit stort vonbrot for Morgedal, og folk i Telemark gav Gerhard Heiberg si støtte då han truga med å trekke seg. Saka var ikkje så viktig, men det vart sett pris på Heibergs lojale støtte i denne tida.

Mange rykte dukka opp etter OL om kva som eigentleg brann på Lillehammer. Same korleis ein ser det: den 74 dagar lange fakkelfesten frå Morgedal er det mest omfattande landsdekkande kulturtiltak i norsk historie. Lokalsamfunn over heile landet la arbeid ned i å presentere det beste dei hadde av kulturkrefter. Den brusande entusiasmen som kvar dag møtte fakkelferarane vart den beste opptakten til den store OL-festen på Lillehammer. Kva som brann på Lillehammer er dermed ein pyroteknisk bagatell som kjem heilt i skuggen av det flotte arrangementet.